


Sprog i Norden

Titel: Moderne importord i språka i Norden (MIN). Ei orientering

Forfatter: Helge Sandøy

Kilde: Sprog i Norden, 2009, s. 85-94

URL: <http://ojs.statsbiblioteket.dk/index.php/sin/issue/archive>



© Forfatterne og Netværket for sprognævnene i Norden

Betingelser for brug af denne artikel

Denne artikel er omfattet af ophavsretsloven, og der må citeres fra den. Følgende betingelser skal dog være opfyldt:

- Citatet skal være i overensstemmelse med „god skik“
- Der må kun citeres „i det omfang, som betinges af formålet“
- Ophavsmanden til teksten skal krediteres, og kilden skal angives, jf. ovenstående bibliografiske oplysninger.

Søgbarhed

Artiklerne i de ældre numre af Sprog i Norden (1970-2004) er skannet og OCR-behandlet. OCR står for 'optical character recognition' og kan ved tegngenkendelse konvertere et billede til tekst. Dermed kan man søge i teksten. Imidlertid kan der opstå fejl i tegngenkendelsen, og når man søger på fx navne, skal man være forberedt på at søgningen ikke er 100 % pålidelig.



Moderne importord i språka i Norden (MIN). Ei orientering

Helge Sandøy

Moderne importord i språka i Norden (MIN) (<http://www.moderne-importord.info/>) er eit samarbeidsprosjekt mellom sju språksamfunn, og det har vore i arbeid sia 2000. Målet har vore å undersøkje faktisk bruk av importord (lånnord) og holdningane til språkpåverknad. Metodisk er det blitt lagt svært stor vekt på å lage heilt parallelle granskingar i dei sju språksamfunna for på den måten å få samanliknelege resultat som kan auke innsikta vår i språkkulturen.

Prosjektet har studert bruken av importord i aviser i 1975 og i 2000, og det har i den samanhengens analysert både omfanget av ord og måten orda er blitt tilpassa nasjonalspråka på. Dessutan er det laga studiar av konkurransen mellom importord og avløysarord og av den språkpolitikken som er blitt ført i dei aktuelle språksamfunna dei siste par hundre åra.

Største enkeltgranskingane gjaldt holdningar til språkpåverknad (dvs. purisme). Dei er gjennomført med ulike metodar: gallup, personlege intervju og masketestar. Med å kombinere ulike metodar kan det vere muleg få indirekte tilgang til eit forskingsobjekt som ikkje er direkte observerbart.

Prosjektet har vore eit samarbeid mellom vel 30 forskarar, nokre av dei er etablerte forskarar og andre forskarrekruttar. Avhandlingane blir i hovudsak publisert i eigen serie (Moderne importord i språka i Norden, Novus forlag, Oslo), der det per i dag er komme 10 band. I tillegg er prosjektresultata blitt presentert i ei mengd artiklar og foredrag.

Bekymring og interesse

Det nordiske språksamarbeidet blei etter andre verdskrigen konkretisert i årlege språkmøte. Der dukka spørsmålet om engelskpåverknaden tidleg opp, alt på møtet i 1955. Det kom opp spørsmål om tiltak, som først gjaldt nordiske

avløysarord¹, på 1980-talet felles skrivemåtar av importord, og kring 2000 dome-
netrusselen.

Diskusjonane hadde nok ofte utgangspunkt i språkpolitiske bekymringar for si-
tuasjonen og for framtida for språka våre. Men dei var òg blanda med fagleg inter-
esse for det språkhistoriske og språksosiologiske fenomenet som denne moderne
kulturpåverknaden representerte. Fag og politikk har levd i nyttig symbiose.

I 1998 tok styret i Nordisk språksekretariat initiativet til å få utvikla eit vitenskap-
leg prosjekt om den utalandske språkpåverknaden. Helge Sandøy blei bedt om å
utvikle planar, og etter nokre seminar med drøftingar kom prosjektet i gang hau-
sten 2000. No i 2009 er dei fleste delrapportane ferdigskrivne og publisert, og
forhåpentleg blir også sluttrapporten klar før året er omme.

Målet

Prosjektet er først og fremst eit grunnforskningsprosjekt, men språknemndene i
Norden skulle kunne bruke det i drøftinga av politikken sin på området. Derfor
har mål for prosjektet vore:

- a) å lage ei jamførande oversikt over korleis moderne importord blir behandla i
språka i Norden (dvs. i bruk og normer), og
- b) å skaffe generell innsikt i vilkår for språkbholdningar og spesiell innsikt i hold-
ningane til importord i Norden.

I tillegg til dette grunnforskningsmålet har prosjektet også som intensjon at

- c) Nordisk språkråd og dei nordiske språknemndene skal kunne drøfte og ta avg-
jerder om mål og middel i språkrøktarbeidet på grunnlag av innsiktene under
a) og b).

Eit vesentleg særdrag ved prosjektet var at det skulle skape innsikt ved å gjen-
nomføre ei systematisk jamføring. For å skaffe fram sikrere opplysningar til for-
målet skulle alle delprosjekta i kvart språksamfunn følgje same metodiske oppleg-
get. Det har vi lagt stor vekt på, dvs. at vi har brukt Norden som eit
forskningslaboratorium, for her ligg vilkåra godt til rette for systematiske samanlik-
ningar ettersom mykje i samfunna våre er likt, mens språkkulturen viser tydelege
forskjellar.

¹ Jamfør Margrethe Heidemann Andersen & Erik Hansen & Pia Jarvad & Jørgen Schack
(2004): Dansk fra skandinavismen til i dag”, I: Helge Sandøy & Jan-Ola Östman (red.),
”Det främmande” i nordisk språkpolitik. Om normering av utländska ord, s. 150–152.
Oslo: Novus.

Sju språksamfunn er med: Island, Færøyane, Norge, Danmark, Sverige, Svenskfinland og det finskspråklege Finland, dvs. Finskfinland. Ettersom finsk ikkje blir rekna som eit nordisk språk i språkhistorisk samanheng, har vi brukt uttrykket 'språka i Norden' i prosjektittelen. I starten var tanken å ta med det samisk og inuittiske samfunnet også, men vi rådførte oss med språknemndene der og kom til at den språkkulturelle fokuseringa i desse samfunna var svært annleis, og at det heller ikkje fanst mange nok språkvetarar som kunne stille opp og gjennomføre delprosjekta.

Metodiske overlegningar

Importord (også kalla lånord) er eit relativt begrep på den måten at vi må sjølve bestemme oss for 0-punktet, dvs. det tidspunktet vi seier at "språket er heilt reint og fritt for importord". Historisk sett har språk alltid blanda seg og blitt påverka av andre språk. Orienteringa vår var ikkje etymologisk, slik at den vanlege framgangsmåten med å starte med indoeuropeisk, urgermansk eller gammalnordisk var uinteressant. Vi var opptatt av den kulturelle og holdningsmessige sida ved importorda, og då er det meir interessant å sjå etter kva folk er opptatt av eller har bevisstheit om. Gamle importord reknar vi med er så innarbeidd i språket at vanlege språkbrukarar neppe tenkjer på dei som importord. Sjølv sagt varierer bevisstheita hos språkbrukarane sterkt, men det er rimeleg å sette ei grense opp mot vår tid. Vi kom til at andre verdskrigen er eit så markert skilje i samfunnsutviklinga i landa våre, at vi kunne bruke det som eit 0-punkt. Etter krigen blei føresetnadane i den økonomiske og sosiale utviklinga svært omlagt, og opplevinga av eit skilje er nok også tydelegare der enn ved andre aktuelle historiske punkt.

"Moderne importord" i prosjektittelen betyr altså ord som er importert i språka våre etter 1945. Resonnementet her byggjer altså på den metodiske idéen om å undersøkje Norden som eit "laboratorium" der vi ønskjer å ha mest muleg kontroll over kva som er vilkåra for holdningane.

Struktur i prosjektet

Problemstillinga gjaldt normer, bruk og holdningar. Desse tre områda krev ulike metodiske tilnærmingar når ein skal hente fram kunnskapar, og det var derfor naturleg å definere *delprosjekt*. Vi kom fram til sju delprosjekt, der kvart hadde ulike arbeidsmåtar. Kvart av dei sju delprosjekta skulle ideelt gjennomførast i alle sju språksamfunna. Det gir i alt 49 underprosjekt, og vi greidde å gjennomføre

nesten alle av dei. Berre to fall ut pga. at vi ikkje fann personar som kunne ta dei på seg.

Vi skal omtale dei sju delprosjekta i tur og orden:

A. *Omfanget av importord*. Det er ikkje opplagt korleis ein skal måle omfanget av importord i språket, for bruksfrekvensen kan skifte mykje frå stillag til stillag og frå bruksområde til bruksområde, osv. Ein kunne nok vere nysgjerrig på korleis heile det breie språkbruksmønsteret ser ut, men vi var avhengige av å ta mange praktiske omsyn for å gjere prosjektet realistisk. Det som kan vere eit enkelt lite prosjekt i eitt land, blir brått stort og administrativt problematisk når ein skal gjennomføre det i sju språksamfunn. Vi kom til at avisspråket var det vi lettast kunne bruke. Dêr var enklast å få tilgang til, og dessutan representerer det truleg "gjennomsnittsspråket" i samfunnet meir enn det vi finn på noko anna bruksområde.

For å gjere nyheitsvilkåra mest muleg like, valte vi aviser frå same datoane i alle samfunna, og vi tok med nasjonale, regionale og lokale aviser for å sikre oss breidda i avistypar.

Det er gjennomført frekvensstudiar før i enkeltland, og vi kunne dra nytte av erfaringar derifrå når det gjeld analysemetode. Men i praksis er slike studiar svært kompliserte å gjennomføre pga. at faktisk språkbruk inneheld uendeleg mange "særtilfelle" som er vanskelege å plassere i standardiserte kategoriar. Derfor må ein utvikle eit stort apparat med konvensjonar for analysen for å sikre seg at alt materialet blir gjennomgått likt. Derfor blei denne granskinga gjennomført med éin hovudansvarleg, som hadde tilsyn med all registrering som medhjelparar gjennomførte, og som sjølv gjennomførte alle analysane. Resultat og drøftingar frå delprosjektet står i *Fire dagar i nordiske aviser. Ei jamføring av påverknaden i ordforrådet i sju språksamfunn*, redigert av Bente Selback og Helge Sandøy (2007).

B. *Tilpassing av importord*. Orda som kjem inn i språket blir meir og mindre tilpassa strukturen i heimemålet. Vi ønskte å kartlegge graden av slik tilpassing. Men tilpassinga kan vere ulik i skrift og tale, slik at vi måtte dele denne oppgåva i to: tilpassing i skrift (B1-delprosjektet) og tilpassing i tale (B2-delprosjektet). B1 og B2 blei undersøkt uavhengig av kvarandre i kvart land, men dels av same personane. Innafor kvart av desse to språkmedia var det aktuelt å skilje mellom tilpassingar i bøyning og avleining på eine sida (altså *morfologisk purisme*) og tilpassing i lydane eller bokstavane på den andre sida (altså *fonetisk* eller *ortografisk purisme*).

Tilpassinga i skrift er undersøkt først og fremst i same avismaterialet som låg til grunn for delprosjektet om omfanget av importord (altså A). Dessutan utnytta

medarbeidarane i dei ymse underprosjekta digitale databasar over avisspråk som var tilgjengelege. Undersøkinga av talemål måtte ty til ein annan type data, for her var det ikkje muleg å finne høvelege databasar. Derfor blei det laga ein spørjetest, som gav oss materiale om same fenomena i alle dei aktuelle språka.

Resultata frå dei to delprosjekta er presentert i *Nasjonal eller internasjonal skrivemåte? Om importord i seks nordiske språksamfunn*, redigert av Helge Omdal og Helge Sandøy (2008) og *Stuntman og andre importord i Norden. Om udtale og bøjning*, redigert av Pia Jarvad og Helge Sandøy (2007).

C. Avløysarord. Den leksikalske purismen gir seg utslag i at ein brukar eller lagar eit heimleg ord i staden for eit importord. Dette er nok det vi oftast tenkjer på som uttrykk for purisme. Emnet er undersøkt både i avismaterialet frå delprosjekt A og i tilgjengelege elektroniske databasar. Her blei undersøkinga gjort ved å lage eit strategisk utval av felles importord og så søkje på dei og på aktuelle heimlege motsvar for å sjå forholdet mellom dei to leksikalske bruksstrategiane. Resultata er lagt fram i *Udenlandske eller hjemlige ord? En undersøgelse af sprogene i Norden*, redigert av Guðrún Kvaran (2007).

D. Normhistorikk. Her var vi interesserte i å få historisk oversyn over normpolitikken i dei sju språksamfunna. Det var dermed ikkje tale om å samle inn og bruke nye rådata, men å fokusere den delen av språkhistoria som gjeld akkurat fremmend påverknad. Dermed kunne det skrivast jamførbare historiske artiklar for kvart av språksamfunna – først og fremst for tida etter midten av 1800-talet, dvs. frå første skandinavismen. Desse sju historisk drøftande artiklane er publisert i *”Det främmande” i nordisk språkpolitik. Om normering av utländska ord*, redigert av Helge Sandøy og Jan-Ola Östman (2004).

E. Holdningar til språk og språkpåverknad. Holdningar er ikkje eit objekt ein kan observere; ein kan berre tolke seg til holdningane ut frå indirekte data. Såleis er det nødvendig og nyttig å samle inn fleire typar data gjennom ulike metodar. Vi delte derfor dette perspektivet opp i tre delprosjekt: *E1. Meiningsmåling*, *E2. Djupintervju* og *E3. Masketest*. Alle tre delprosjekta blei her òg utført parallelt i dei sju språksamfunna.

Meiningsmålinga blei utført av profesjonelle gallup-firma, og ho følgde det vanlege mønsteret med telefonoppringing til 1000 informantar (noko mindre i dei småe samfunna) som samla skal representere gjennomsnittet i samfunnet. Når ein kryssa 11 språkholdningsspørsmål med ei mengd bakgrunnsopplysningar, blei dette til eit svært stort materiale. Resultata finn ein i *Nordiske språkhaldningar. Ei meningsmåling* redigert av Tore Kristiansen og Lars S. Vikør frå 2006.

Djupintervjua er samtalar med enkeltinformantar, og dei var frå 24 til 48 i talet i kvart samfunn. I samtalanane stilte forskaren ein del svært konkrete spørsmål og

andre nokså opne spørsmål, og målet var å få informantane til å seie "si eigentlege meining". Det siste kan seiast å vere prinsipielt umuleg, men ein kunne prøve i løpet av samtalen å sjå om informantane kom med sjølvstendige refleksjonar kring diskusjonsemna. Intervjuaren skulle derfor ved passande høve vere litt pågåande. Dette var endå meir poenget med gruppesamtalane, der informantane kom saman tre og tre for å diskutere språkspørsmål, og her skulle oppgåva for forskaren vere å kaste inn påstandar som skapte debatt.

Catharina Nyström Höög utførte dei svenske intervjuar, og rapporten hennar kom som *Teamwork? Man kan lika gärna samarbeta! Svenska åsikter om import-ord* i 2005. Den danske granskninga hadde Jakob Thøgersen ansvaret for, og han kom med boka *Det er meget godt som det er ... er det ikke? En undersøgelse af danskernes holdninger til engelsk* i 2007. Den islandske var utført av Hanna Óladóttir, og ut frå den skreiv ho MA-oppgåva *Pizza eða flatbaka? Viðhorf 24 Íslendinga til erlendra málábrifa á íslensku* (Reykjavík 2005). Granskninga vil bli presentert i bokform i MIN-serien frå prosjektet. Jógvan í Lon Jacobsen gjennomførte den færøyske granskninga av alle tre holdningsprosjekta, og på grunnlag av rapportar frå dei skreiv han doktoravhandlinga *Álvaratos, who cares? Ein samfelagsmálvísindalig kanning av bugburði og nýtslu* (Bergen 2008). I bearbeidd form kjem denne avhandlinga også i bokserien vår. Den finlandssvenske, den finske og den norske granskninga går også inn i doktorgradsopplegg, og dei kjem etter kvart ut i same bokserien.

Å bruke *masketestar* krev grundig førebuing. Vi kom fram til eit opplegg der respondentane skulle evaluere personar etter eit fast skjema ut frå opplesing av nyheitstekstar med og utan visse importord. Alt blei gjort så parallelt som muleg i alle samfunna, og talet på respondentar blei sett til sirka 600 i kvart samfunn. Det blei dermed eit stort innsamlingsarbeid. Alle resultatata blei samordna i ein database og analysert statistisk. Resultatata blei til dels overraskande – og svært interessante. Rapportane og jamføringa står i Tore Kristiansen (red.): *Nordiske sprogholdninger. En masketest*. (2006).

Planen er vidare at når alle enkeltrapportane frå dei mange underprosjekta er publisert, skal Helge Sandøy og Tore Kristiansen summere opp og dra saman trådane frå heile prosjektet i ein samla sluttrapport.

Nordisk nettverk, utdanning og styring

Største og viktigaste arbeidet i prosjektet er knytt til samarbeidet i nettverket, som hadde møte og seminar i alt ni gonger i åra 2000–2005. På desse seminara hadde vi førelesingar om relevante tema og diskuterte teori og metodisk opplegg for

delprosjekta. I dette nettverket deltok 31 forskarar, somme av dei var etablerte forskarar, andre var slike som arbeidde med ein akademisk grad. Dermed hadde dette nettverket funksjon som forskarutdanning. Kontakten i nettverket har òg vore stor etter siste nettverksmøtet, for det meste av skrive- og publiseringsarbeidet har føregått då, og noko føregår framdeles.

Medlemmane i nettverket er:

- Danmark: Tore Kristiansen, Pia Jarvad, Margrethe Heidemann Andersen, Jacob Thøgersen, Inge Lise Pedersen
- Finland: Jan-Ola Östman, Leila Mattfolk, Åsa Mickwitz, Malin Dahlman, Saija Tamminen, Pirkko Nuolijärvi, Ulla Paatola, Hanna Hakala
- Færøyane: Jógvan í Lon Jacobsen, Hanna Simonsen
- Island: Guðrún Kvaran, Kristján Árnason, Ásta Svavarsdóttir, Halldóra Björt Ewen, Hanna Óladóttir
- Norge: Helge Omdal, Roy Johansen, Lars Vikør, Anne-Line Graedler, Helge Sandøy, Endre Brunstad, Marit Merete Lunde, Bente Selback
- Sverige: Micael Melander, Catharina Nyström, Olle Hammermo

Som forskarutdanningsprosjektet går MIN inn som grunnlag for mange gradsarbeid. I tillegg til dei som er nemnt i punkt 4 om prosjektstrukturen, har Halldóra Björt Ewen teke MA-eksamen på eit arbeid frå den islandske masketesten (Reykjavík 2007), Hanna Simonsen på færøysk materiale om tilpassing i skrivemátar (Tórshavn 2006), Malin Dahlman skreiv pro gradu-avhandling om tilpassing i finlandssvensk talemål (Helsingfors 2004) og Hanna Hakala tilsvarende avhandling om avløyсарord i finsk (Helsingfors 2005). Her kan vi òg ta med at Jacob Thøgersen tok doktorgraden i København med utgangspunkt i det danske intervjumaterialet, men denne avhandlinga hadde ein annan innfallsvinkel enn rapporten vi nemnte ovafor. I alt er det altså før utgangen av 2008 avlagt to doktorgradar og fem gradar på høgste studienivå (MA og pro gradu), og vi ventar på fleire doktorgradsarbeid i 2009.

I tillegg til medlemmane i forskarnettverket har åtte andre forskarar vore med i underprosjekt og skrivearbeid, og dei står dermed som (med-)forfattarar til rapportar i bokserien.

Leiar og hovudansvarleg for samarbeidsprosjektet har vore Helge Sandøy (Norge). Til styret for prosjektet oppnemnte Nordisk språkråd desse: Guðrún Kvaran (Island), Jógvan í Lon Jacobsen (Færøyane), Tore Kristiansen (Danmark), Olle Josephson (Sverige), Ann-Marie Ivars, seinare tok Jan-Ola Östman over (Svensk-finland), Pirkko Nuolijärvi (Finskfinland), Inge Lise Pedersen (Nordisk språkråd),

og Torbjørg Breivik var med på vegner av Norsk språkråd. Rikke Hauge var involvert i organiseringa som tilsett i Nordisk språkråd, og ho møtte på styremøta.

Publisering av resultat

Viktigaste publikasjonane frå prosjektet har komme og kjem på Novus forlag i serien *Moderne importord i språka i Norden* (MIN), som per i dag er på 10 bøker. Helge Sandøy er serieredaktør. Første boka i serien, *Med 'bil' i Norden i 100 år. Ordlagning og tilpassing av utalandske ord* (2003), var ei samling innlegg frå ein open startkonferanse som prosjektet hadde i 2002.

Elles er det skrive ei mengd artiklar og haldne mange foredrag om emne frå prosjektet på m.a. mange nasjonale og internasjonale fagkonferansar og i gjesteforelesingar ymse stadar. Artiklane med referansar står nemnt på heimesida til prosjektet: <http://www.moderne-importord.info/>. Vi reknar også med at det i 2010 kjem eit hefte av *Journal of the sociology of language* (redigert av Tore Kristiansen og Helge Sandøy), der ymse artiklar presenterer for eit internasjonalt publikum resultat og viktige drøftingar frå prosjektet. Prosjektet er alt presentert internasjonalt i *Nordic Journal of English Studies* (2/2004).

Prosjektet har lagt fram resultat og drøftingar på fleire Nordiske språkmøte (1999, 2001, 2004) og på nordiske konferansar:

Fra mistanke til handling (arr. av Nordisk kulturråd 13.–14. januar 2005 i København, jf.

http://www.dansk-norsk.no/kalender/foobar_spraakkonf05.htm),

Nordiske språkklima under engelsk press (i serien Nordmålforum, 1.–2. desember 2005, København, foredrag utlagt på <http://www.moderne-importord.info/>) og

Nordisk konference om sprogbrug, sprogholdninger og sprogpolitik (arr. av Nordens språkråd & Dansk sprogævn 4.–6. september 2008, Helsingør, foredrag utlagt på <http://www.dsn.dk/>).

Utanom dei "formelle" produkta frå prosjektet som er nemnt ovafor (foredrag, artiklar, bøker, gradsarbeid), må det nemnast at prosjektet må kunne danne grunnlag for vidare samarbeidsprosjekt om språk. Dei praktiske og metodiske erfaringane våre må andre kunne dra nytte av. Også materialet vi har samla inn, kan andre dra nytte av. Og til slutt eit moment som aldri kan undervurderast: Mange forskarar har vore med på å utvikle nordisk samarbeid, oppleve den inspirasjonen det er å kommunisere lett med kvarandre og samtidig tilfredsstille den intellektuelle interessa med systematiske jamføringar av samanliknelege språksamfunn. Dét

vil nok verke inn på orienteringa til desse forskarane i framtida og til nordisk språkforskning.

Finansiering

Vanskelegaste punktet for slikt forskingssamarbeid er finansieringa. Dette prosjektet er derfor svært mykje basert på innsats forskarar som brukar av forskingsdelen av stillingane sine, og studentar og stipendiatar som finansierer studiet sitt i hovudsak frå anna hald. Betalte tilsetingar har vore relativt fåe. Men oppstarten var avhengig av midlar vi fekk frå Nordisk språkråd, før det blei nedlagt. Fleire av dei nasjonale språknemndene ytte ein innsats i arbeidet med normhistorikkane. Prosjektet har drive nettverksmøta med midlar frå Nordisk forskarutdanningsakademi (NorFa); ein del av underprosjekta blei betalt av midlar frå Nordisk samarbeidsnemnd for humanistisk og samfunnsvitskapleg forskning (NOS-HS), Nordisk ministerråd, Nordplus Språk, Nordisk kulturfond og fleire nasjonale forskingsråd. Nokre private fond har også ytt midlar. Trykkjestøtte har vi fått frå nokre av dei same og dessutan frå Dansk sprognævn, Svenska språknämnden og Letterstedtska föreningen. (Det er gjort greie for desse finansieringskjeldene i delrapportane.)

Finansieringa har altså vore nokså komplisert, for systematisk jamføring av sju språksamfunn krev store prosjekt. Ei erfaring er at viss ein ønskjer vidare nordisk forskingssamarbeid, er det viktig å leggje til rette med støtteordningar som gjer finansieringssituasjonen mindre arbeidskrevjande.

Summary

Modern loanwords in the languages of the Nordic countries (MIN) (<http://www.moderne-importord.info/>) is a project involving seven language communities, and it has been active since 2000. The aim of the project is to study the actual usage of loanwords as well as attitudes towards language influences. In working with the project, it has been essential to conduct completely parallel studies in each of the seven communities in order to provide comparable results that might expand our understanding of language culture.

Studies were carried out on loanwords in newspapers from 1975 and 2000. Both the quantity of loanwords and the ways in which the borrowings have been adapted to the national languages were analysed. There were also studies on the success of replacement words (neologisms) and on language policies pursued in these seven communities over the last two centuries.

The most comprehensive studies were those focusing on attitudes towards language influence (i.e. purism). A variety of methods were used for this purpose: a Gallup poll, personal interviews and matched guise tests. Combining different approaches gives access indirectly to an object of study which is not directly observable.

*MIN is a cooperation project between more than 30 researchers, both seniors and juniors. The main reports and theses are published in the series *Moderne importord i språka i Norden*, which contains 10 volumes so far, published by Novus, Oslo. In addition, results and discussions concerning the project have been presented in a large number of articles and lectures.*